

E K S A M E N

Emnekode	REL101
Emnenamn	Hellige tekster
Dato	22. november 2012
Frå - til	09.00 – 13.00
Antall sider inkl. framside	1
Tillatne hjelpe middel	Ingen
Merknader	Det skal svarast på to av dei fire oppgåvene

Nynorsk

Svar på to av dei fire oppgåvene

1)

Gjer greie for omgrepene ”heilag tekst” og for korleis dette omgrepet kan brukast om tekstar i jødedom, kristendom og islam.

2)

Gjer greie for korleis fødselsforteljinga i Lukas 2,1-20 får fram ein religiøs bodskap. (Teksta er lagt ved).

3)

Gjer greie for særdrag ved Thomasevangeliet.

4)

Drøft påstanden: ”Koranen er eit litterært verk forfatta av Mohammad”.

(Vedlegg)

Lukas 2,1-20

I dei dagane lét keisar Augustus lysa ut at det skulle takast manntal over heile verda. 2 Dette var første gongen dei tok manntal, og det hende medan Kvirinius var landshovding i Syria. 3 Då fór alle heim, kvar til sin by, og skulle skriva seg i manntalet.

4 Også Josef drog då frå byen Nasaret i Galilea og opp til Judea, til Davidsbyen, som heiter Betlehem, for han høyrdet til Davids hus og ætt 5 og skulle skriva seg der saman med Maria, som var lova bort til han. Ho venta då barn. 6 Og medan dei var der, kom tida då ho skulle føda, 7 og ho fekk son sin, den førstefødde. Ho sveipte han og la han i ei krubbe, for det var ikkje husrom for dei.

8 Det var nokre gjetarar der i området som var ute på marka og heldt vakt over flokken sin om natta. 9 Med eitt stod ein Herrens engel framfor dei, og Herrens herlegdom lyste kringom dei. Då vart dei gripne av stor redsle. 10 Men engelen sa til dei: «Ver ikkje redde! Sjå, eg kjem til dykk med bod om ei stor glede, ei glede for heile folket: 11 I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by. Han er Messias, Herren. 12 Og det skal de ha til teikn: De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe.» 13 Brått var det ein stor himmelhær saman med engelen; dei lova Gud og song:

14 «Ære vere Gud i det høgste, og fred på jorda blant menneske Gud har glede i!»

15 Då englane hadde fare attende til himmelen, sa gjetarane til kvarandre: «Lat oss gå inn til Betlehem og sjå dette som har hendt, det som Herren har kunngjort for oss.» 16 Så skunda dei seg dit og fann Maria og Josef og det vesle barnet som låg i krubba. 17 Då dei fekk sjå det, fortalte dei alt som hadde vorte sagt dei om dette barnet. 18 Alle som høyrdet på, undra seg over det gjetarane fortalte. 19 Men Maria gøynde alt dette i hjartet sitt og grunda på det. 20 Og gjetarane vende attende. Dei lova og prisa Gud for alt dei hadde høyrt og sett; alt var slik som det var sagt dei.

E K S A M E N

Emnekode

REL101

Emnenavn

Hellige tekster

Dato

22. november 2012

Fra - til

09.00 – 13.00

Antall sider inkl. forside

1

Tillatte hjelpeemidler

Ingen

Merknader

To av de fire oppgavene skal besvares

Bokmål

Besvar to av de fire oppgavene

1)

Gjør rede for begrepet ”hellig tekst” og for hvordan dette begrepet kan brukes om tekster i jødedom, kristendom og islam.

2)

Gjør rede for hvordan fødselsfortellingen i Lukas 2,1-20 får fram et religiøst budskap. (Teksten er lagt ved).

3)

Gjør rede for særtrekk ved Thomasevangeliet.

4)

Drøft påstanden: ”Koranen er et litterært verk forfattet av Mohammad”.

(Vedlegg)

Lukas 2,1-20

Det skjedde i de dager at det gikk ut befaling fra keiser Augustus om at hele verden skulle innskrives i manntall. 2 Denne første innskrivningen ble holdt mens Kvirinius var landshøvding i Syria. 3 Og alle dro av sted for å la seg innskrive, hver til sin by.

4 Josef dro da fra byen Nasaret i Galilea opp til Judea, til Davids by Betlehem, siden han var av Davids hus og ætt, 5 for å la seg innskrive sammen med Maria, som var lovet bort til ham, og som ventet barn. 6 Og mens de var der, kom tiden da hun skulle føde, 7 og hun fødte sin sønn, den førstefødte. Hun svøpte ham og la ham i en krybbe, for det var ikke husrom for dem.

8 Det var noen gjetere der i nærheten som var ute på marken og holdt nattevakt over flokken sin. 9 Med ett sto en Herrens engel foran dem, og Herrens herlighet lyste om dem. De ble overveldet av redsel. 10 Men engelen sa til dem: «Frykt ikke! Se, jeg forkynner dere en stor glede, en glede for hele folket: 11 I dag er det født dere en frelses i Davids by; han er Messias, Herren. 12 Og dette skal dere ha til tegn: Dere skal finne et barn som er svøpt og ligger i en krybbe.» 13 Med ett var engelen omgitt av en himmelsk hærskare, som lovpriste Gud og sang:

14 «Ære være Gud i det høyeste, og fred på jorden blant mennesker Gud har glede i!»

15 Da englene hadde forlatt dem og vendt tilbake til himmelen, sa gjeterne til hverandre: «La oss gå inn til Betlehem for å se dette som har hendt, og som Herren har kunngjort for oss.» 16 Og de skyndte seg av sted og fant Maria og Josef og det lille barnet som lå i krybben. 17 Da de fikk se ham, fortalte de alt som var blitt sagt dem om dette barnet. 18 Alle som hørte på, undret seg over det gjeterne fortalte. 19 Men Maria tok vare på alt som ble sagt, og grunnet på det i sitt hjerte. 20 Gjeterne dro tilbake. De lovet og priste Gud for alt de hadde hørt og sett; alt var slik som det var sagt dem.

